NAVF's
UTREDNINGSINSTITUTT

NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRÅD

1978:2

Utgreiingar om forsking
og høgre utdanning

# Norske studentar og kandidatar i 1977

## Norwegian Students and Graduates in 1977

INSTITUTE FOR STUDIES IN RESEARCH
AND HIGHER EDUCATION

The Norwegian Research Council
for Science and the Humanities

1978:2

Utgreiingar om forsking
og høgre utdanning

# Norske studentar og kandidatar i 1977

## Norwegian Students and Graduates in 1977

# F O R O R D

Denne meldinga legg fram statistikk over norske studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i tida 1960-1977. Her er oppgåver over det samla talet på studentar etter fagstudium og kjønn, og tilsvarande opplysningar om tilstrøyminga av nye studentar. Meldinga innheld óg statistikk over uteksaminerte kandidatar etter fagområde og kjønn. Dessutan er det tatt med oversyn over talet på studentar ved distriktshøgskolane etter studieretning, lærestad og kjønn.

Arbeidet med å samla inn opplysningane og å redigera publikasjonen er gjort av Tone Holter Andersen.

Oslo, august 1978

NAVF's utredningsinstitutt

Sigmund Vangsnes

# I N N H O L D


Side

SAMANDRAG ........................................................ 7

1. TILGANG PÅ NYE STUDENTAR ...................................... 10

A. Tilgang til universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg og utlandet ................................. 10

B. Alderen til studentane ................................ 15

2. NORSKE STUDENTAR I ALT ....................................... 18

A. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg ............. 18

B. Studium i utlandet ..................................... 25

C. Talet på norske studentar i alt ........................ 26

3. KANDIDATAR UTEKSAMINERT FRÅ UNIVERSITET OG VITSKAPELEGE HØGSKOLAR ........................................................ 28

4. KVINNELEGE STUDENTAR .......................................... 31

A. Tilgang på nye studentar ............................... 31

B. Kvinnelege studentar i alt ............................. 32

C. Uteksaminerte kvinnelege kandidatar .................... 34

5. STUDENTAR VED DISTRIKTSHØGSKOLANE ............................ 36

A. Tilgang på nye studentar ............................... 36

B. Samla studenttal ....................................... 37

SUMMARY .......................................................... 41

## SAMANDRAG

Talet på nye studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg i 1977 var omlag 9.000. Dette er omlag 700 - eller 7.2 prosent lågare enn året før. Av di 39 prosent av dei nye studentane ikkje har meldt frå om kva studium dei vil ta til med, er det ikkje råd å trekkja endelege slutningar om korleis studenttilgangen var delt på fagområde. Av dei som hadde meldt frå om studieval var det færre som hadde tenkt å studera filologi enn på mange år. Tilgangen til jus og samfunnsvitskapelege fag var og lågare enn på fem år, og til realfag meldte seg færre nye studentar enn dei to førre åra.

Talet på studentar som var innskrivne ved norske universitet og vitskapelege høgskolar hausten 1977 var 39.600 - 1.100 færre enn året før. Det er andre året på rad at studenttalet i Noreg minkar, men nedgangen det første av desse åra var på berre 44 studentar. Det er i første rekkje talet på filologistudentar som har minka sterkt dei to siste åra. Men det er og - for første gong på 20 år - registrert nedgang i talet på studentar i samfunnsvitskapelege fag og jus. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei vanskelegare arbeidsmarknadstilhøva for filologar, dei seinaste åra, og dei heller dystre prognosene med omsyn til framtidsutsiktene - særleg for filologar - kan ha verka inn både på tilgangen til studiet og på fråfallet frå det.

Nær halvdelen av studentane studerte ved Universitetet i Oslo (19.295). I Oslo-regionen med lærestadene: Universitetet, Pedagogisk seminar, Arkitekthøgskolen, Menighetsfakultetet, Veterinærhøgskolen, Landbrukshøgskolen, Idrettshøgskolen og Musikkhøgskolen var det 22.360 studentar, dvs. 56.5 prosent av alle studentane i landet. I Bergen - ved Universitetet og Norges Handelshøyskole var det 8.490 studentar, eller vel 21 prosent, ved Universitetet i Trondheim var det omlag 7.400 studentar, eller 18.7 prosent og ved Universitetet i Tromsø var det 1.294 studentar, dvs. 3.3 prosent av studentane ved norske universitet og vitskapelege høgskolar.

Av fagområde er det framleis historisk-filosofiske fag som har flest studentar jamvel om prosentdelen har gått ned noko på det siste ti-året. Omlag 22 prosent av studentane ved akademiske lærestader i Noreg hausten 1977 studerte historisk-filosofiske fag, mot nær 32 prosent i 1967.

I samfunnsvitskapelege fag auka studenttalet sterkt gjennom 1960-åra og fram til 1971, då vel 20 prosent av studentane i Noreg studerte slike fag (studentane ved Norges Handelshøyskole er då medrekna). Seinare har prosentdelen minka noko att, men dette fagområde er framleis det nest største når det gjeld tal på studentar - med 17.5 prosent. Talet på juridiske studentar har auka jamnt frå snautt 7 til nær 11 prosent av studentane siden byrjinga av 1960-åra, medan prosentdelen ved matematisk-naturvitskapelege studium har minka frå vel 20 til 12.5 prosent og ved

sivilingeniørstudiet frå 12 til omlag 9 prosent midt i 1970-åra - men med ein liten auke att hausten 1977. Denne siste auken i prosentdelen av studentane som studerer ingeniørfag kjem like mykje av nedgangen i studenttalet i det heile, som av auken i talet på sivilingeniørstudentar.

I 1977 vart det uteksaminert nær 4.800 kandidatar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg, og snautt 600 norske kandidatar ved utanlandske lærestader i faga: medisin, odontologi, veterinærmedisin, ingeniørfag, arkitektfag og handelsfag. Det samla kandidatkullet i 1977 var då på vel 5.300 kandidatar, mot berre vel 3.000 ti år tidlegare.

Av kandidatane som vart uteksaminerte i 1977 var 23-24 prosent filologar (cand.philol., mag.art. og cand.mag.). Vel 15 prosent av kandidatane var sivilingeniørar, snautt 16 prosent realistar (cand.real., mag.scient. og cand.mag.) og omlag 10 prosent var uteksaminerte ved samfunnsvitskapelege fakultet. Snautt 9 prosent av kandidatkullet var siviløkonomar, 6 prosent var juristar og snautt 8 prosent var medisinarar.

I 1977 byrja vel 4.200 kvinner å studera ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg, dvs. at vel 45 prosent av dei nye studentane var kvinner.

Talet på kvinnelege studentar i Noreg i alt var hausten 1977 omlag 14.650, dvs. 37 prosent av alle studentane i landet. Prosentdelen ti år tidlegare var 22.5. I mest alle studium har det vore ein jamnt aukande del kvinner i det siste tiåret. Auken er særleg tydeleg for nokre av dei tradisjonelt mannsdominerte studium: veterinærmedisin, der 34.4 prosent av studentane hausten 1977 var kvinner, mot 10.9 prosent i 1967; landbruksfag, der prosentdelen kvinner auka frå 5.4 til 21.6 på same tida; jus, der prosentdelen kvinner auka frå 10.1 til 30.4 og ved Norges Handelshøyskole auka prosentdelen kvinnelege studentar frå 3.5 til 14.8. Dessutan var 42 prosent av studentane kvinner i dei andre samfunnsvitskapelege studium hausten 1977, mot 23 prosent ti år før.

Det vart uteksaminert omlag 1.180 kvinner ved norske akademiske lærestader i 1977, og 50-60 norske kvinner i utlandet; dvs. at vel 23 prosent av kandidatkullet var kvinner. Litt over 600 av dei kvinnene som var uteksaminerte i 1977 var filologar, omlag 14 prosent av kvinnene tok eksamen i samfunnsvitskapelege fag (inklusive siviløkonomi) og vel 13 prosent var realistar.

Dei nye studentane er gjennomgåande eldre enn før. Talet på nye studentar som var 25 år eller eldre auka frå 14 prosent av tilgangen i 1968 til 24 prosent av tilgangen i 1977. Denne auken skjedde eigentleg i åra 1968-1974. Av dei nye studentane i 1977 var 17 prosent av kvinnene 30 år eller eldre, mot vel 10 prosent av mennene.

Ved dei åtte distriktshøgskolane i landet byrja 2.256 studentar å studera hausten 1977. Det samla talet på studentar ved distriktshøgskolane var då kome opp i 3.728. Det er økonomisk/administrativ studieretning som har den største prosentdelen av studentane - slik det og har vore i alle dei åra distriktshøgskolane har funnest - 29.0 prosent av studentane hausten 1977. Men samfunnsfaglege og humanistisk/estetiske studieretningar har fått relativt fleir og fleir av studentane ved distriktshøgskolane dei seinare åra. Hausten 1977 studerte nær 19 prosent av distriktshøgskolestudentane samfunnsfag og 16 prosent filologiske og humanistisk/estetiske fag.

For dei andre studieretningane har det relative talet på studentar svinga noko sidan 1972. Snautt tredjedelen av studentane ved distriktshøgskolane var kvinner. Det er såleis relativt færre kvinnelege studentar ved distriktshøgskolane enn ved universiteta og dei vitskapelege høgskolane (37 prosent).

# 1. TILGANG PÅ NYE STUDENTAR

## A. Tilgang til universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg og utlandet

Tabell 1 syner at talet på nye studentar i 1977[1)] var omlag 9.000, det er 740 - eller 7.2 prosent lågare enn året før. Frå 1960 til 1975 auka den årlege tilstrøyminga av nye studentar med omlag 240 prosent. Dei to siste åra har talet på immatrikulerte som har meldt at dei skal studera anten eit av dei tradisjonelt "åpne studium" eller uspesifisert studium minka att.

Særleg er det tilgangen til filologistudiet som no er lågare enn på mange år. Det var 600 færre nye filologistudentar i 1977 enn to år tidlegare og 240 færre enn året før. Nedgangen var såleis på 42.5 prosent i høve til 1975 og på 23 prosent i høve til 1976. Det var i 1977 vel 150 - 21 prosent - færre studentar som hadde meldt at dei ville ta til med jus enn året før; og for realfag var nedgangen omlag 90, eller 9 prosent.

Ein del av studentane er, når dei melder seg til immatrikulering, uvisse på kva studium dei vil velja. Denne delen har auka mest kvart år sidan 1960. I 1960 var det berre 1.5 prosent av dei nye studentane som var uvisse om val av studium, i 1977 var denne delen kome opp i 39.3 prosent.

Det årlege opptaket ved dei studium som tradisjonelt har vore "lukka studium": farmasi, medisin, ernæring, odontologi, veterinærmedisin, landbruksfag, ingeniørfag, arkitektfag, idrettsfag og studium ved Norges Handelshøyskole auka med 43.9 prosent på det siste tiåret - frå 1967 til

---

1) Tala for tilgang på nye studentar i tabell 1 byggjer på oppgåver over opptaket ved lærestadene i faga: farmasi, medisin, odontologi, veterinærmedisin, landbruksfag, ingeniørfag, arkitektfag, sivil-økonomi, revisorfag, fiskerifag, ernæringsfag og idrettsfag. For dei andre studia har det vore vanskeleg å koma fram til akkurat kor mange studentar som tok til å studera kvart år. Ulike kriterium for mål på tilgangen til universiteta i Oslo og Bergen har vore drøfta, og ein er kome fram til at det beste mål ein kan skaffa nokolunde snøgt er immatrikuleringsstatistikken, som er delt inn etter studentane sine studieintensjonar. Det er såleis tal frå immatrikuleringsstatistikken frå universiteta i Oslo og Bergen som er kjelda for talet på nye studentar i dei faga som ikkje er nemnde ovafor. For Universitetet i Tromsø er det nye studentar som ikkje tidlegare har vore registrerte ved ein annan akademisk lærestad, og for Universitetet i Trondheim - Noregs Lærarhøgskule - er det studentar som er tatt opp og har byrja å studera. Ein gjer merksam på at ulempa med immatrikuleringsstatistikken er at dei studentane som melder at dei har tenkt å studera ikkje fortel kva tid dei tenkjer å byrja. Opplysningane om studieintensjonar er dessutan ikkje nokon bindande kontrakt, og kor mange som avrår seg er ikkje kjent.

Tabell 1. Tilgang på nye studentar[1)] ved norske universitet og vitskapelege høgskolar åra 1960, 1965, 1970, 1972 og 1974-1977.

| F a g | IMMATRIKULERINGSÅR/OPPTAKSÅR | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1960 | 1965 | 1970 | 1972 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
| Filologi | 954 | 1730 | 1629 | 1285 | 1423 | 1405 | 1050 | 808 |
| Teologi | 61 | 83 | 21 | 16 | 32 | 32 | 41 | 11 |
| Jus | 213 | 436 | 434 | 597 | 631 | 629 | 733 | 579 |
| Sosialøkonomi | 81 | 187 | 86 | 89 | 55 | 49 | | |
| Psykologi | 75 | 219 | 290 | 246 | 236 | 270 | 836 | 834 |
| Pedagogikk | 29 | 93 | 227 | 174 | 138 | 139 | | |
| Andre samfunnsfag | 7 | 146 | 414 | 408 | 413 | 486 | | |
| Realfag og aktuarfag | 610 | 993 | 831 | 872 | 827 | 958 | 982 | 893 |
| Farmasi | 30 | 36 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 |
| Medisin grunnfag | - | - | - | - | - | 24 | 1 | - |
| Medisin | 136 | 176 | 247 | 285 | 336 | 325 | 320 | 343 |
| Ernæringsfag | - | - | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 |
| Odontologi | 50 | 94 | 123 | 128 | 132 | 128 | 131 | 128 |
| Veterinærmedisin | 20 | 32 | 35 | 36 | 38 | 35 | 37 | 39 |
| Landbruksfag | 90 | 131 | 187 | 213 | 217 | 216 | 219 | 220 |
| Ingeniørfag | 397 | 600 | 708 | 791 | 825 | 884 | 904 | 897 |
| Arkitektfag | 49 | 71 | 80 | 99 | 94 | 95 | 100 | 100 |
| Siviløkonomi | 61 | 180 | 236 | 225 | 241 | 254 | 254 | 256 |
| Revisorfag | - | - | - | - | 54 | 53 | 46 | 31 |
| Fiskerifag | - | - | - | 17 | 6 | 12 | 7 | 15 |
| Idrettsfag | - | - | 85 | 84 | 139 | 194 | 219 | 179 |
| Musikkhøgskolestudiet | - | - | - | - | 58 | 64 | 53 | 101 |
| Examen philosophicum, uoppgitt fag, andre | 43 | 241 | 1619 | 3069 | 3519 | 3698 | 3678 | 3484 |
| S u m | 2906 | 5448 | 7308 | 8690 | 9470 | 10006 | 9667 | 8974 |

1) Følgjande tilgangskriterier er nytta: For universiteta i Tromsø og Trondheim og for alle vitskapelege høgskolar, samt for studia: farmasi, medisin, ernæring og odontologi ved universiteta i Bergen og Oslo: tal på studentar som er tatt opp og har tatt til med studiet; for dei andre faga ved universiteta i Bergen og Oslo: tal på studentar som er immatrikulerte og har meldt frå at dei skal studera. Studentar som tar til med teologistudium ved Det teologiske menighetsfakultet må i prinsippet vera immatrikulerte ved eit universitet for å ta eksamen i gresk, hebraisk og latin og er ikkje rekna med serskilt.

1977 - medan talet på nye studentar i alt var 74.1 prosent høgre i 1977 enn ti år tidlegare, (musikkhøgskolen er då ikkje rekna med). Auken i talet på studieplassar i dei tradisjonelt "lukka studium" har såleis vore relativt mindre enn auken i tilstrøyminga til dei andre, tradisjonelt "åpne studium". I auken av studieplassar i den førstnemnde gruppa er dessutan etablering av revisorfag og idrettsfag som akademiske "lukka studium" medrekna.

Det er vanskeleg å trekkja greie slutningar om kva fag dei nye studentane har valt dei seinare åra, eller om endringar i noko viss lei, av di ein så stor del skriv "uvisst fag" på meldinga til immatrikulering.

Tala for tilgangen på norske studentar til studium i utlandet og kommentarane om studieplassar og søking til ulike studium i ulike land, byggjer på statistikk og opplysningar frå Statens lånekasse for utdanning. Tabell 2 syner tilgangen på nye studentar dei seinare åra.

Tabell 2. Tilgangen på norske studentar ved utanlandske lærestader åra 1960-1977 etter fagstudium.

| År | Arkitektfag | Ingeniørfag | Medisin | Odontologi | Handelsfag | Veterinærmedisin | Andre akademiske studium | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1960 | 17 | 230 | 116 | 67 | 75 | - | - | 505 |
| 1965 | 47 | 299 | 241 | 59 | 130 | 7 | 93 | 876 |
| 1970 | 63 | 170 | 161 | 27 | 114 | 21 | 41 | 597 |
| 1971 | 54 | 149 | 157 | 26 | 181 | 21 | 66 | 654 |
| 1972 | 55 | 107 | 141 | 12 | 162 | 19 | 48 | 544 |
| 1973 | 48 | 93 | 107 | 6 | 145 | 11 | 38 | 448 |
| 1974 | 24 | 64 | 97 | 4 | 178 | 14 | 103 | 484 |
| 1975 | 38 | 75 | 112 | 1 | 188 | 14 | 71 | 499 |
| 1976 | 26 | 93 | 162 | 4 | 215 | 15 | 129 | 644 |
| 1977 | 22 | 122 | 114 | 2 | 227 | 12 | 75 | 574 |

I statistikken over norske utanlandsstudentar finst mellom anna ei inndeling etter kva år studentane tok til med utanlandsstudiet. Det syner seg at ein del studentar ikkje blir rekna med det første studieåret m.a. av di nokre søknader om støtte til studiefinansiering kjem så seint at desse studentane ikkje vert rekna med før i statistikken neste år. Statistikk siste året viser såleis at talet på dei som tok til med studium i 1976 var 18.4 prosent høgre enn i statistikken året før. Tabell 2

ovafor er no retta i høve til tidlegare publiserte tabellar over tilgang på norske studentar i utlandet. Truleg er tala for 1977 og for låge.

Det er såleis for tidleg, med dei data som ligg føre, å trekkja endelege slutningar om tilstrøyming av norske studentar til akademiske lærestader i utlandet i 1977. Det er visst at det i dei siste åtte-ni åra har vorte vanskelegare enn tidlegare for norske studentar å få studieplass i utlandet. Dette gjeld særleg for medisin, odontologi og veterinærmedisin.

I odontologi er det mangel på studieplassar i alle dei landa som til no har vore vanlege studieland for norske studentar. Lånekassen melder at det vart tatt opp berre to studentar ved utanlandske lærestader til dette studiet det siste året.

Ved medisinstudiet har det og vorte vanskeleg å få studieplass i utlandet dei seinare åra. Ved nederlandske universitet var det fleire år umogeleg for norske studentar å bli tatt opp til medisinstudiet. Men frå hausten 1976 av vart det på nytt høve til å ta opp nokre få utanlandske søkjarar. Talet på norske studentar ved medisinstudiet i Danmark var aukande i første halvdel av 1970-åra. Men det vart gjennomført avgrensa opptak ved dei medisinske fakultet i Danmark frå hausten 1976 av, og norske studentar kan ikkje rekna med å bli tatt opp, sjøl om dei har tatt dansk studenteksamen. I Eire vart det i byrjinga av 1970-åra tatt opp omlag 20 norske studentar kvart år. Dei siste par åra har 12-15 norske studentar fått studieplass i Eire. På Island har dei andre nordiske landa ein kvote på fire studieplassar. Desse har dei seinare åra vore fylte av norske studentar.

Storbritannia og USA/Canada har sidan 1960-åra vore dei viktigaste studielanda for norske ingeniørstudentar i utlandet. I byrjinga av 1960-åra var det og relativt mange i Vest-Tyskland og Sveits. Det er framleis råd å bli tatt opp i Vest-Tyskland, og når talet på dei som har byrja ingeniørstudiet der dei seinare år har vore minkande, er årsaka meir studentane sine preferansar enn mangel på studieplassar. Ingeniørutdanninga i Vest-Tyskland tek monaleg lenger tid enn t.d. i Storbritannia og USA. Dette er kan hende ei medverkande årsak til at få nordmenn no tar til med ingeniørstudium i Vest-Tyskland.

Det er mogeleg for norske studentar å bli tatt opp både ved arkitektstudium og ved høgre merkantile studium i dei fleste aktuelle studieland. Men dei fleste arkitektstudentane som søkjer til utlandet reiser til Storbritannia - 68 prosent av tilgangen i 1977. I tida frå 1960 har over 70 prosent av tilgangen til arkitektstudium i utlandet gått til Storbritannia. Dei andre har delt seg på Vest-Tyskland, Austerriket og Sveits.

Når det gjeld norske studentar i handelsfag er det særleg Sverige som har gitt studieplassar til ein stor del av desse, men Sveits, USA/Canada og Vest-Tyskland har og tatt imot mange norske studentar. Elles er det helst Storbritannia og Danmark som er dei vanlege studielanda.

Sidan 1965 har det vore ein del veterinærmedisin-studentar som har tatt til med studier i utlandet. Vest-Tyskland ser no ut til å vera det einaste landet der det er råd for norske studentar å bli tatt opp. Tidlegare vart ein del veterinærstudentar tatt opp ved lærestader i Austerrike. Men frå og med hausten 1972 vert norske studentar ikkje lenger tatt opp der.

## B. Alderen til studentane

Aldersfordelinga av studentane har dei siste 10-12 åra endra seg monaleg. Det går fram av tabell 3, som syner at i siste halvdel av 1960-åra var berre 14-16 prosent av dei nye studentane eldre enn 24 år; dei tre siste åra var omlag 24 prosent såpass gamle (i 1974 var prosentdelen i denne aldersgruppa endå høgre). Prosentdelen av nye studentar som var 30 år eller eldre er meir enn dobla på 10-12 år - frå 6-7 prosent av student-tilgangen i slutten av 1960-åra til 13-14 prosent dei fire siste åra. Denne auken av "meir vaksne" personar mellom dei nye studentane kvart år skjedde eigentleg i åra 1968-1974. Prosentdelen av nye studentar som var eldre enn 24 år var ikkje høgre i 1968 enn i 1966 og har heller ikkje auka sidan 1974.

Det faktum at ein så stor del av dei nye studentane dei seinare åra er eldre enn den typiske alderen for nye studentar forklårer og at tilgangs-tala vert noko for låge når ein nyttar immatrikuleringsstatistikken som tilgangskriterium - ein del av desse nye studentane er utvilsamt immatrikulerte for fleire år sidan.

Tabell 3. Nye studentar åra 1966-1977 prosentfordelt på aldersgrupper.

| Alder ved byrjinga av studium | År for byrjing av studium | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1966 | 1967 | 1968 | 1969 | 1970 | 1971 | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
| 20 år og yngre | 53.4 | 47.0 | 47.9 | 47.0 | 48.4 | 50.4 | 49.0 | 48.5 | 41.1 | 43.4 | 45.4 | 44.7 |
| 21-24 år | 32.3 | 35.5 | 38.2 | 37.0 | 34.1 | 33.2 | 30.4 | 30.9 | 32.2 | 32.2 | 30.8 | 31.4 |
| 24 år og yngre | 85.7 | 82.5 | 86.1 | 84.0 | 82.5 | 83.6 | 79.4 | 79.5 | 73.3 | 75.6 | 76.2 | 76.1 |
| 25-29 år | 7.7 | 8.9 | 7.8 | 9.1 | 9.0 | 8.9 | 10.2 | 10.0 | 11.7 | 10.6 | 10.4 | 10.2 |
| 30 år og eldre | 6.4 | 7.2 | 6.0 | 6.9 | 8.5 | 7.5 | 10.3 | 10.5 | 14.9 | 13.8 | 13.4 | 13.7 |
| 25 år og eldre | 14.1 | 16.1 | 13.9 | 16.0 | 17.5 | 16.4 | 20.6 | 20.5 | 26.7 | 24.4 | 23.8 | 23.9 |
| Uoppgitt | 0.2 | 1.4 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| S u m | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 |

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå.

Det er relativt fleir kvinner enn menn som tar til med studium i "mogen alder". I 1977 var 24 prosent av dei nye kvinnelege studentane eldre enn 24 år, 15.5 prosent var eldre enn 29 år - for nye mannlege studentar var dei tilsvarande prosentdelene 19 og 9.7. Dette er ikkje noko nytt som har hendt samstundes med den sterke auken i tilstrøyminga av kvinner til akademisk utdaning. Det var omlag like stor skilnad mellom kvinner og menn i aldersamansetningen av nye studentar i 1966 som i 1977.

Den sterke auken i talet på nye studentar i første halvdel av 1970-åra kjem hovudsakleg av at studiefrekvensen[1] har auka i alle dei relevante aldersgruppene. Dette går fram av tabell 4 som syner ein gjennomgåande sterk og ubroten vekst fram til 1975 for alle aldersklasser - stort sett. Til dømes var prosentdelen av 20-åringane som byrja å studera i 1966 1.96, i 1975 byrja 3.76 prosent av 20-åringane å studera.

Tilstrøyminga av nye studentar minka frå 1975 til 1976 og vidare til 1977. Dette vert reflektert i studiefrekvensane for dei ulike aldersklassene. Tabell 4 syner at for dei fleste aldersklassene fall studiefrekvensen frå 1975 til 1976 og vidare til 1977.

Tabell 4. Prosentdel av aldersgruppene 18-29 år som har byrja å studera åra 1966-1977.

| Tatt til med studium i alder: | År for byrjing av studium | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1966 | 1967 | 1968 | 1969 | 1970 | 1971 | 1972 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
| 18 år | 0.20 | 0.20 | 0.19 | 0.25 | 0.21 | 0.26 | 0.23 | 0.22 | 0.21 | 0.24 | 0.26 | 0.23 |
| 19 år | 2.26 | 2.15 | 2.39 | 2.76 | 2.90 | 3.29 | 3.60 | 3.60 | 3.54 | 3.70 | 3.73 | 3.37 |
| 20 år | 1.96 | 1.89 | 2.15 | 2.45 | 2.20 | 2.47 | 2.68 | 2.72 | 3.53 | 3.76 | 3.32 | 3.13 |
| 21 år | 1.17 | 1.36 | 1.63 | 1.80 | 1.16 | 1.73 | 1.82 | 1.97 | 2.52 | 2.59 | 2.40 | 2.17 |
| 22 år | 0.89 | 0.84 | 1.01 | 1.15 | 0.94 | 1.00 | 1.20 | 1.17 | 1.55 | 1.62 | 1.37 | 1.23 |
| 23 år | 0.57 | 0.63 | 0.57 | 0.67 | 0.63 | 0.69 | 0.72 | 0.62 | 0.98 | 0.99 | 0.73 | 0.77 |
| 24 år | 0.40 | 0.41 | 0.37 | 0.44 | 0.37 | 0.45 | 0.47 | 0.48 | 0.73 | 0.64 | 0.53 | 0.55 |
| 25 år | 0.28 | 0.33 | 0.31 | 0.36 | 0.33 | 0.32 | 0.34 | 0.33 | 0.55 | 0.55 | 0.52 | 0.40 |
| 26 år | 0.23 | 0.24 | 0.22 | 0.32 | 0.24 | 0.24 | 0.33 | 0.32 | 0.48 | 0.42 | 0.41 | 0.37 |
| 27 år | 0.19 | 0.22 | 0.18 | 0.22 | 0.20 | 0.17 | 0.26 | 0.24 | 0.36 | 0.31 | 0.30 | 0.32 |
| 28 år | 0.15 | 0.17 | 0.16 | 0.19 | 0.15 | 0.16 | 0.21 | 0.20 | 0.35 | 0.31 | 0.35 | 0.27 |
| 29 år | 0.11 | 0.16 | 0.11 | 0.14 | 0.13 | 0.16 | 0.19 | 0.20 | 0.27 | 0.28 | 0.23 | 0.22 |

1) Nye studentar i prosent av det fødselskull dei høyrer til ved 18-års alder.

Tabell 5 syner kor stor prosentdel av kvart av fødselskulla 1948-1959 som har byrja å studera ved universitet eller vitskapelege høgskolar i Noreg i tida frå 1966-1977. Det går til dømes fram av tabellen at prosentdelen av fødselskullet som hadde byrja å studera i 20-års alder auka frå 4.5 prosent av 1948-kullet til 7.1 prosent av 1957-kullet. Ved 23-års alder hadde snautt 8 prosent av fødselskullet 1948 tatt til med studium; medan vel 12 prosent av fødselskullet 1954 var registrerte ved akademiske lærestader ved same alder.

Tabell 5. Alderskumulerte prosentdelar av fødselskulla 1948-1959[1)] som har byrja å studera i perioden 1966-1977.

| Tatt til med studium i alder: | Fødselsår: | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1948 | 1949 | 1950 | 1951 | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 | 1957 | 1958 | 1959 |
| 18 år | 0.20 | 0.20 | 0.19 | 0.26 | 0.20 | 0.26 | 0.23 | 0.22 | 0.21 | 0.24 | 0.26 | 0.23 |
| 19 år | 2.35 | 2.59 | 2.95 | 3.16 | 3.50 | 3.86 | 3.80 | 3.76 | 3.91 | 3.97 | 3.63 | |
| 20 år | 4.50 | 5.05 | 5.15 | 5.62 | 6.18 | 6.58 | 7.33 | 7.52 | 7.23 | 7.10 | | |
| 21 år | 6.30 | 6.64 | 6.88 | 7.45 | 8.15 | 9.10 | 9.92 | 9.92 | 9.40 | | | |
| 22 år | 7.24 | 7.65 | 7.98 | 8.62 | 9.69 | 10.72 | 11.30 | 11.15 | | | | |
| 23 år | 7.93 | 8.37 | 8.60 | 9.60 | 10.68 | 11.45 | 12.06 | | | | | |
| 24 år | 8.39 | 8.85 | 9.32 | 10.23 | 11.21 | 12.00 | | | | | | |
| 25 år | 8.73 | 9.40 | 9.87 | 10.75 | 11.60 | | | | | | | |
| 26 år | 9.21 | 9.81 | 10.28 | 11.13 | | | | | | | | |
| 27 år | 9.52 | 10.12 | 10.59 | | | | | | | | | |
| 28 år | 9.78 | 10.39 | | | | | | | | | | |
| 29 år | 10.00 | | | | | | | | | | | |

1) Prosentane er rekna ut etter storleiken på kvart fødselskull ved 18-års alder.

Av det samla talet på studentar auka prosentdelen som var 25 år eller eldre frå snautt 27 prosent i 1966 til nær 44 prosent i 1977. Aldersgruppa som var 30 år eller eldre auka frå 6.4 prosent i 1966 til 14.6 prosent av det samla talet på studentar i denne tida.

## 2. NORSKE STUDENTAR I ALT

### A. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg

Hausten 1977 var talet på studentar ved universitet og vitskapelege høgskolar i Noreg 39.608 - det er 1.102 færre enn året før.

Tabell 6 syner at humanistiske fag framleis har mange fleir studentar enn noko anna fagområde, slik det og har vore heilt sidan tidleg i 1950-åra. Jamført med året før var det registrert 898 færre studentar i humanistiske fag i haustsemesteret 1977. Nedgangen i det samla talet på studentar i dette fagområdet dei to siste åra er såleis mykje større enn den nedgangen som er registrert i tilgangen på nye studentar siste året. Då det heller ikkje vart uteksaminert mange fleire kandidatar i desse faga i 1975, 1976 og vårsemesteret 1977 enn i 1974 og vårsemesteret 1975, kan det tyda på at fråfallet frå desse studium har vore noko større enn vanleg. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei vanskelegare arbeidsmarknads-tilhøva for filologar, dei seinare åra, og dei heller dystre prognosene med omsyn til framtidsutsiktene for filologer kan ha verka inn på tilgangen til studiet og på fråfallet frå det.

Samfunnsvitskapelege fag er det nest største fagområdet etter inndelinga i tabell 6. Dette fagområdet har hatt ein eksplosjonsliknande utvikling av studenttalet sidan byrjinga av 1960-åra. I 1961 studerte 6.4 prosent av studentane i Noreg innan dette fagområdet, i 1966 13.4 prosent, i 1971 20.2 prosent. I 1976 og 1977 hadde prosentdelen minka noko att - til 17.5 prosent. Dei fleste andre fagområda har samstundes fått minkande prosentdeler av det samla studenttalet. Jus er eit unnantak her - i tida 1960-1968 studerte 6.5-7 prosent av studentane dette faget. Seinare har prosentdelen auka jamnt, og er no komen opp i 10.8 prosent. Auken kjem ikkje berre av at dette studiet vart etablert ved Universitetet i Bergen i 1971. Ved Universitetet i Oslo har prosentdelen av studentane som les jus og synt ein klår auke dei siste åra. I 1977 studerte 18.3 prosent av studentane ved Universitetet i Oslo jus, mot 13.9 prosent fem år tidlegare og 11.2 prosent ti år tidlegare. I motsetnad til tidlegare har det dei siste fire åra vore fleire studentar som les jus enn som studerer realfag ved Universitetet i Oslo. I denne samanheng bør det vel nemnast at jus og teologi er dei einaste studium ved Universitetet i Oslo som ikkje har avgrensa kor mange studentar som får ta til med studiet. Matematisk-naturvitskapelege fag ved dei akademiske lærestadene i Noreg under eitt har hatt ein klår relativ nedgang i studenttalet i heile den perioden som er omfatta av denne statistikken (1960-1977).

Den delen av studentane som ikkje spesifiserer fagstudium ved studentregistreringa har auka frå 4.4 prosent i 1970 til 9 prosent i 1977.

Tabell 7 syner det samla studenttalet i Noreg åra 1960, 1965, 1970, 1972 og 1974-1977 fordelt etter lærestad og studium.

Tabell 8 syner korleis studentane ved dei fire universiteta våre var fordelte på fakultet og avdeling i studiet åra 1973-1977. (Ingeniør- og arkitektstudentane ved Universitetet i Trondheim er ikkje med i tabellen). Av dei omlag 28.200 studentane som var knytta til eit fakultet heldt omlag 7.300 - eller 25.9 prosent på med høgre avdeling. I 1973 var delen 21.6 prosent i høgre avdeling. Ein slik auke, som er gjennomgåande i alle studium, er ein naturleg konsekvens av at den kraftige auken i den årlege tilgangen på nye studentar no synest å ha stogga.

Tabell 6. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader etter fagområde haustsemestra 1961, 1965 og 1970-1977. Absolutte tal og prosentfordeling

| Fagområde | | Samla tal på studentar i Noreg haustsemestra: 1961 | 1965 | 1970 | 1972 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Humanistiske fag | Abs.tal | 3138 | 6184 | 8297 | 8994 | 10126 | 10232 | 9807 | 8909 |
| | Prosent | 28.4 | 31.3 | 26.9 | 25.3 | 25.7 | 25.0 | 24.0 | 22.3 |
| Teologi | Abs.tal | 340 | 569 | 623 | 689 | 682 | 735 | 747 | 763 |
| | Prosent | 3.1 | 2.9 | 2.0 | 1.9 | 1.7 | 1.8 | 1.8 | 1.9 |
| Jus | Abs.tal | 767 | 1390 | 2480 | 3224 | 3905 | 4153 | 4419 | 4309 |
| | Prosent | 6.9 | 7.0 | 8.0 | 9.1 | 9.9 | 10.1 | 10.8 | 10.8 |
| Samfunnsvitskapelege fag 1) | Abs.tal | 703 | 2456 | 6106 | 6936 | 7254 | 7208 | 7142 | 6996 |
| | Prosent | 6.4 | 12.4 | 19.8 | 19.5 | 18.4 | 17.6 | 17.5 | 17.5 |
| Matematisk-naturvitsk.fag | Abs.tal | 2387 | 4078 | 4396 | 4800 | 4693 | 4957 | 5092 | 5003 |
| | Prosent | 21.6 | 20.7 | 14.3 | 13.5 | 11.9 | 12.1 | 12.5 | 12.5 |
| Human medisin 2) | Abs.tal | 1157 | 1528 | 2426 | 2808 | 3035 | 3079 | 3103 | 3205 |
| | Prosent | 10.5 | 7.7 | 7.9 | 7.9 | 7.7 | 7.5 | 7.6 | 8.0 |
| Ingeniørfag | Abs.tal | 1784 | 2400 | 3408 | 3477 | 3550 | 3650 | 3781 | 3874 |
| | Prosent | 16.1 | 12.2 | 11.0 | 9.8 | 9.0 | 8.9 | 9.2 | 9.7 |
| Arkitektfag | Abs.tal | 234 | 351 | 456 | 498 | 504 | 514 | 532 | 530 |
| | Prosent | 2.1 | 1.8 | 1.5 | 1.4 | 1.3 | 1.3 | 1.3 | 1.3 |
| Landbruksfag og veterinærmedisin | Abs.tal | 437 | 546 | 717 | 820 | 852 | 1076 | 1048 | 1039 |
| | Prosent | 4.0 | 2.8 | 2.3 | 2.3 | 2.2 | 2.6 | 2.6 | 2.6 |
| Idrettsfag | Abs.tal | - | - | 200 | 290 | 323 | 354 | 362 | 353 |
| | Prosent | - | - | 0.6 | 0.8 | 0.8 | 0.9 | 0.9 | 0.9 |
| Andre og uspesifiserte fag 3) | Abs.tal | 106 | 241 | 1762 | 3072 | 4503 | 5028 | 4844 | 4948 |
| | Prosent | 1.0 | 1.2 | 5.7 | 8.6 | 11.4 | 12.3 | 11.9 | 12.4 |
| S u m 4) | Abs.tal | 11053 | 19743 | 30871 | 35608 | 39427 | 40986 | 40877 | 39929 |
| | Prosent | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 100.0 | 99.8 |

1) Samfunnsvitskapelege fag omfattar her: Sosialøkonomi, sosiologi, statsvitskap, psykologi, etnografi, pedagogikk, studia ved Norges Handelshøyskole og høgre sosionomutdaning.

2) Human medisin omfattar her: Medisin, odontologi, farmasi og medisinske fag ved Universitetet i Tromsø.

3) Omfattar pedagogisk seminar, ernæringsfag, fiskerifag, musikkhøgskolestudiet, examen philosophicum og ukjent fag.

4) Nokre studentar ved Noregs Lærarhøgskole studerer meir enn eit av dei fagområde som er nemnde i forspalten til tabellen. Summane i denne tabellen blir derfor litt for høge. Jfr. tabell 7.

Tabell 7. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader haustsemestra 1960, 1965, 1970, 1972 og 1974-1977 fordelt på lærestad og fag.

| Lærestad<br>Fag | Innskrivne studentar i haustsemestra etter fag: 1960 | 1965 | 1970 | 1972 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Universitetet i Bergen | 963 | 2809 | 5790 | 7240 | 7556 | 7989 | 7898 | 7419 |
| Filologi | 337 | 1225 | 1953 | 2364 | 2121 | 2306 | 2203 | 1888 |
| Teologi | 8 | 34 | 61 | 45 | - | - | - | - |
| Jus | 33 | 30 | 383 | 606 | 721 | 726 | 751 | 779 |
| Psykologi | - | - | - | 298 | 452 | 501 | 567 | 551 |
| Samfunnsfag elles | - | 23 | 849 | 959 | 819 | 899 | 959 | 961 |
| Realfag | 380 | 1011 | 1290 | 1344 | 1074 | 1137 | 1172 | 1149 |
| Medisin | 190 | 289 | 460 | 608 | 671 | 662 | 657 | 655 |
| Odontologi | - | 161 | 258 | 264 | 248 | 242 | 235 | 245 |
| Pedagogisk seminar | 15 | 36 | 50 | 77 | 175 | 170 | 166 | 127 |
| Examen philosophicum, uspesifisert fag | - | - | 486 | 675 | 1275 | 1346 | 1188 | 1064 |
| Universitetet i Oslo | 5600 | 11675 | 17185 | 18868 | 20160 | 20310 | 20040 | 19295 |
| Filologi | 2006 | 4444 | 5551 | 5567 | 6133 | 5665 | 5380 | 4958 |
| Teologi | 55 | 102 | 108 | 110 | 92 | 100 | 107 | 114 |
| Jus | 678 | 1360 | 2097 | 2618 | 3184 | 3427 | 3668 | 3530 |
| Sosialøkonomi | 126 | 464 | 721 | 708 | 599 | 549 | 500 | 451 |
| Pedagogikk | 18 | 214 | 1142 | 1152 | 1048 | 916 | 839 | 751 |
| Psykologi | 180 | 618 | 884 | 827 | 756 | 710 | 755 | 758 |
| Sosiologi | 20 | 105 | 420 | 653 | 800 | 808 | 705 | 684 |
| Statsvitskap | 69 | 241 | 346 | 340 | 344 | 367 | 389 | 470 |
| Etnografi, sos.antropol. | 1 | 22 | 73 | 116 | 164 | 168 | 186 | 180 |
| Samfunnsfag, uspes. | - | 190 | 418 | 328 | 263 | 229 | 140 | 135 |
| Aktuarfag | 23 | 21 | 5 | 9 | 12 | 17 | 22 | 14 |
| Realfag | 1530 | 2816 | 2803 | 2968 | 2877 | 3013 | 3029 | 2983 |
| Farmasi | 103 | 146 | 153 | 164 | 195 | 195 | 211 | 203 |
| Medisin | 600 | 722 | 1133 | 1328 | 1413 | 1390 | 1351 | 1350 |
| Ernæring | - | - | 41 | 36 | 44 | 41 | 49 | 46 |
| Odontologi | 191 | 210 | 422 | 440 | 412 | 393 | 409 | 389 |
| Examen philosophicum, ukjent fagstudium | - | - | 868 | 1504 | 1824 | 2322 | 2300 | 2279 |
| Universitetet i Tromsø | - | - | - | 406 | 1065 | 1294 | 1371 | 1294 |
| Filologi | - | - | - | 18 | 260 | 337 | 336 | 303 |
| Samfunnsfag | - | - | - | 61 | 146 | 146 | 139 | 131 |
| Realfag | - | - | - | 20 | 206 | 274 | 315 | 301 |
| Medisin grunnfag | - | - | - | 4 | 19 | 36 | 21 | 36 |
| Medisin | - | - | - | - | 77 | 121 | 158 | 206 |
| Fiskerifag | - | - | - | 17 | 32 | 47 | 57 | 57 |
| Examen philosophicum | - | - | - | 286 | 321 | 300 | 224 | 181 |
| Praktisk ped. og uspesifiserte fag | - | - | - | - | 4 | 33 | 121 | 79 |

(forts.)

Tabell 7. (fortsatt)

| L æ r e s t a d<br>F a g | Innskrivne studentar i haustsemestra etter fag: 1960 | 1965 | 1970 | 1972 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Universitetet i Trondheim | 2120 | 3545 | 5057 | 5846 | 6686 | 7094 | 7297 | 7387 |
| Medisin | - | - | - | - | - | 40 | 61 | 121 |
| Noregs lærarhøgskole[1] | 309 | 904 | 1373 | 2061 | 2823 | 3101 | 3148 | 3079 |
| Filologi | 165 | 477 | 593 | 760 | 1302 | 1550 | 1510 | 1387 |
| Musikk | - | 38 | 49 | 54 | 92 | 80 | 75 | 76 |
| Pedagogikk | 33 | 106 | 206 | 300 | 420 | 477 | 468 | 428 |
| Psykologi | - | - | 39 | 76 | 111 | 136 | 162 | 140 |
| Sosiologi + sosial-antropologi | - | - | 14 | 55 | 97 | 108 | 133 | 145 |
| Samfunnskunnskap | - | - | 85 | 103 | 120 | 148 | 128 | 125 |
| Realfag | 74 | 230 | 298 | 459 | 524 | 516 | 554 | 556 |
| Pedagogisk seminar | - | - | 34 | 36 | 75 | 83 | 81 | 81 |
| Høgre sosionomutdaning | - | - | - | - | - | 18 | 19 | 17 |
| Andre, uspes. fag | 49 | 62 | 70 | 261 | 262 | 216 | 236 | 309 |
| Norges tekniske høgskole | 1811 | 2641 | 3684 | 3785 | 3863 | 3953 | 4088 | 4178 |
| Ingeniørfag | 1664 | 2400 | 3408 | 3477 | 3550 | 3650 | 3781 | 3874 |
| Arkitektfag | 147 | 241 | 276 | 308 | 313 | 303 | 307 | 304 |
| Statens arkitekthøgskole | 23 | 110 | 180 | 190 | 191 | 211 | 225 | 226 |
| Menighetsfakultetet[2] | 208 | 433 | 605 | 766 | 908 | 929 | 942 | 946 |
| Teologi | 208 | 433 | 454 | 534 | 590 | 635 | 640 | 649 |
| Kristendomskunnskap | - | - | 151 | 232 | 318 | 294 | 302 | 297 |
| Pedagogisk seminar i Oslo | 66 | 89 | 210 | 179 | 207 | 207 | 216 | 224 |
| Norges Handelshøyskole | 191 | 527 | 909 | 960 | 1015 | 1028 | 1053 | 1069 |
| Siviløkonomistudiet | 185 | 526 | 878 | 889 | 882 | 885 | 919 | 977 |
| Høgre avdelings studium | - | - | - | - | 17 | 26 | 34 | 37 |
| Høgre revisorstudium | - | - | - | - | 46 | 63 | 61 | 38 |
| Handelslærarstudiet | 6 | 1 | 31 | 71 | 70 | 54 | 39 | 17 |
| Norges veterinærhøgskole | 152 | 173 | 207 | 220 | 226 | 239 | 217 | 212 |
| Norges landbrukshøgskole | 259 | 373 | 510 | 600 | 626 | 837 | 831 | 827 |
| Norges Idrettshøgskole | - | - | 200 | 290 | 323 | 353 | 362 | 353 |
| Musikkhøgskolen | - | - | - | - | 284 | 263 | 258 | 276 |
| Samla tal på studentar ved norske lærestader | 9582 | 19734 | 30853 | 35565 | 39247 | 40754 | 40710 | 39608 |

1) Talet på studentar ved Lærerhøgskolen er noko lågare enn summen av alle fag fordi nokre studentar studerer meir enn eit av dei fag som er lista i forspalta.

2) Ein del av studentane i kristendomskunnskap ved Menighetsfakultetet er truleg og registrerte ved Universitetet i Oslo.

Tabell 8. Registrerte studentar ved universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim (ekskl. studentane ved Norges tekniske høgskole) etter fakultet[1] og avdeling i haustsemestra 1973-1977.

| Fakultet[1] | | Tal på registrerte studentar | | | | | Prosentdel i høgre avdeling | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
| Teologisk fakultet | 1. avdeling | 88 | 52 | 35 | 34 | 42 | | | | | |
| | 2. avdeling | 28 | 27 | 32 | 38 | 36 | | | | | |
| | Ex.philos., andre | 16 | 12 | 33 | 34 | 36 | 21.2 | 29.3 | 32.0 | 35.5 | 31.6 |
| | Ukjent | - | 1 | - | 1 | - | | | | | |
| Juridisk fakultet | 1. avdeling | 1131 | 1172 | 1153 | 1266 | 1187 | | | | | |
| | 2. avdeling | 1232 | 1378 | 1517 | 1615 | 1538 | | | | | |
| | 3. avdeling | 684 | 843 | 992 | 1084 | 1166 | 19.1 | 21.6 | 23.9 | 24.5 | 27.1 |
| | Ex.philos., andre | 542 | 497 | 484 | 453 | 410 | | | | | |
| | Ukjent | 3 | 15 | 7 | 1 | 8 | | | | | |
| Samfunns-vitskapeleg fakultet | Lågare grad | 4139 | 4346 | 4186 | 4311 | 4116 | | | | | |
| | Høgre grad | 1315 | 1416 | 1471 | 1493 | 1632 | 21.8 | 23.1 | 24.8 | 24.5 | 27.5 |
| | Ex.philos., andre | 338 | 330 | 254 | 172 | 161 | | | | | |
| | Ukjent | 243 | 47 | 29 | 113 | 18 | | | | | |
| Historisk-filosofisk fakultet | Lågare grad | 7214 | 7253 | 7366 | 6983 | 6144 | | | | | |
| | Høgre grad | 1578 | 1744 | 2002 | 2070 | 2061 | 16.4 | 17.6 | 20.0 | 21.8 | 23.9 |
| | Ex.philos., andre | 642 | 793 | 543 | 419 | 390 | | | | | |
| | Ukjent | 188 | 118 | 97 | 32 | 17 | | | | | |
| Matematisk-naturvit-skapeleg fakultet | Lågare grad | 3786 | 3700 | 3826 | 3900 | 3634 | | | | | |
| | Høgre grad | 1035 | 1070 | 1180 | 1277 | 1443 | 20.7 | 21.9 | 22.9 | 24.1 | 27.7 |
| | Ex.philos., andre[2] | 159 | 91 | 131 | 110 | 99 | | | | | |
| | Ukjent | 26 | 27 | 14 | 16 | 30 | | | | | |
| Medisinsk fakultet[3] | Preklinisk avdeling | 810 | 859 | 865 | 832 | 862 | | | | | |
| | Klinisk avdeling | 1003 | 1030 | 1094 | 1096 | 1176 | | | | | |
| | Ex.philos., andre[4] | 306 | 255 | 216 | 166 | 170 | 47.3 | 48.0 | 50.3 | 51.2 | 53.2 |
| | Ukjent | 2 | 3 | 2 | 45 | 1 | | | | | |
| Odontologisk fakultet | 1. avdeling | 247 | 244 | 244 | 251 | 254 | | | | | |
| | 2. avdeling | 136 | 123 | 126 | 115 | 118 | | | | | |
| | 3. avdeling | 238 | 243 | 243 | 239 | 226 | 35.8 | 36.8 | 38.3 | 37.1 | 35.6 |
| | Ex.philos., andre[5] | 37 | 50 | 21 | 37 | 37 | | | | | |
| | Ukjent | 7 | - | 1 | 2 | - | | | | | |
| I høgre avdeling | | 5881 | 6373 | 7014 | 7297 | 7740 | 21.7 | 23.0 | 24.9 | 25.9 | 28.6 |
| Utan tilknytning til fakultet[6] | | 2904 | 3968 | 4517 | 4296 | 4177 | | | | | |
| Sum | | 30077 | 31707 | 32681 | 32501 | 31198 | 19.6 | 20.1 | 21.5 | 22.5 | 24.8 |

1) Studentane er i denne tabellen grupperte etter studium under det fakultet dei ville høyrt til ved Universitetet i Oslo.
2) Inklusive alle aktuarstudentar.
3) Medisinstudentane ved universitetet i Tromsø er ikkje medrekna, av di studiet ved denne lærestaden ikkje er inndelt i ein klinisk og ein preklinisk del.
4) Inklusive studentane ved ernæringslinja, studentar som tar tilleggsprøve for utanlandsmedisinarar, og studentar ved medisin grunnfag.
5) Inklusive studentar som tar tilleggsprøver for utanlands-odontologar.
6) Omfattar studentar med ukjent studium, studentar som berre har oppgitt examen philosophicum, fiskerifag-studentar, studentar ved pedagogisk seminar og sjukepleielærar.

Figur I. Samla tal på studentar ved norske akademiske lærestader åra 1945-1977.



## B. Studium i utlandet

Tabell 9 syner at talet på utanlandsstudentar kuliminerte i midten av 1960-åra. Seinare var talet stort sett minkande frå år til år, men har dei tre siste åra vore nokså stabilt på omkring 2.500.

Tala i tabellen nedanfor er truleg noko for låge, av di studentar som ikkje søkjer nokon form for studiestønad frå Lånekassen ikkje er inkluderte, (sjå og kommentarane på side 13 om nye studentar ved utanlandske lærestader).

Til dømes vil studentar som tidlegare har fått økonomisk stønad frå Lånekassen, men som ikkje har fullført studia innan "rimeleg" tid, ikkje lenger få nokon stønad og kan hende heller ikkje søkja om dette og dermed heller ikkje verta med i statistikken. Studentar som før er registrerte ved akademisk lærestad i Noreg, men som tar ein mindre del av studiet sitt ved utanlandsk lærestad er heller ikkje rekna med blant utanlandsstudentane.

Tabell 9. Samla tal på norske studentar ved utanlandske lærestader åra 1960, 1965, 1970, 1972 og 1974-1977 etter studium[1].

| Studium | Norske studentar i utlandet | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1960 | 1965 | 1970 | 1972 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 |
| Arkitektfag | 93 | 130 | 256 | 265 | 245 | 220 | 202 | 166 |
